

---

NOTAT 2010–11

---

# Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2008

*Trender og økonomisk utvikling 1999–2008*

*Tabellsamling 2004–2008*

Heidi Knutsen

Irene Grønningsæter

Anastasia Olsen



**NILF**

Norsk institutt for  
landbruksøkonomisk forskning

---

<b>Serie</b>	Notat
<b>Redaktør</b>	Agnar Hegrenes
<b>Tittel</b>	Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland. Trendar og økonomisk utvikling 1999–2008. Tabellsamling 2004–2008
<b>Forfattarar</b>	Heidi Knutsen, Irene Grønningsæter, Anastasia Olsen
<b>Prosjekt</b>	Publisering av distriktstal (D223)
<b>Utgjevar</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgjevarstad</b>	Oslo
<b>Utgjevingsår</b>	2010
<b>Tal sider</b>	87
<b>ISBN</b>	978-82-7077-777-8
<b>ISSN</b>	0805-9691

---

## Litt om NILF

- Forsking og utreiing med omsyn til landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, føretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og føretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Vert finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

«Driftsgranskingar i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår om lag 900 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Dette notatet inneheld lokale data frå fylka Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland. I tillegg har vi kvart år med eitt eller fleire spesialtema som er interessante for regionen. I år er resultat frå ei spesialgransking av økonomien i hestehald teke inn.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre fylka. I alt omfattar granskinga 74 bruk frå Rogaland og 51 bruk frå Agder-fylka. Bruka vert delt inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder».

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt som krev stor innsats av medarbeidarar ved alle kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Agder og Rogaland.

Heidi Knutsen har skrive store delar av notatet med bidrag frå Irene Grønningsæter og Anastasia Olsen. Torbjørn Haukås har vore fagfellestøtte under arbeidet. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for trykking.

Oslo, juli 2010  
Ivar Pettersen



# Innhold

---

SAMANDRAG .....	1
1 INNLEIING .....	3
2 DRIFTSRESULTATET FOR JORDBRUKET I AGDER OG ROGALAND 2008 .....	5
3 TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET .....	9
3.1 Resultatmål i jordbruket .....	9
3.1.1 Driftsoverskot .....	9
3.1.2 Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk (jordbruksinntekt) .....	11
3.1.3 Lønsevne per time .....	12
3.2 Totaløkonomien for bruka i Agder og i Rogaland .....	13
3.2.1 Nettoinntekt .....	13
3.2.2 Nettoinvestering .....	15
3.2.3 Gjeld og gjeldsprosent .....	16
3.2.4 Tilleggsnæringar .....	17
4 SKATT .....	19
4.1 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag .....	19
4.2 Skattejustert vederlag til arbeid og egenkapital (jordbruksinntekta) .....	21
5 TEMA: HEST SOM TILLEGGSNÆRING .....	23
5.1 Analyserte bruk i Rogaland .....	23
5.2 Hest som tilleggsnæring i driftsgranskingane .....	25
5.3 Spørjeundersøking .....	26
6 TABELLSAMLING 2004–2008 .....	27
7 FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA .....	85
LITTERATUR .....	87

## Figurar

Figur 2.1	Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar i perioden 1999–2008 .....	7
Figur 3.1	Driftsoverskot per bruk i ulike område .....	10
Figur 3.2	Driftsoverskot per bruk i ulike fylke .....	10
Figur 3.3	Jordbruksinntekt per årsverk i gjennomsnitt for bruka på Jæren og i andre bygder samanlikna med gjennomsnitt for landet .....	11
Figur 3.4	Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for ulike driftsformer .....	12
Figur 3.5	Lønsevne per time for ulike produksjonar på Jæren og i Andre bygder .....	13
Figur 3.6	Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk i heile landet, på Jæren og i Andre bygder .....	14
Figur 3.7	Prosentvis fordeling av samla inntekt for bruka på Jæren .....	14
Figur 3.8	Prosentvis fordeling av samla inntekt for bruka i Andre bygder .....	15
Figur 3.9	Nettoinvesteringar per bruk i ulike område .....	16
Figur 3.10	Gjeld i middel per bruk i ulike område .....	16
Figur 3.11	Gjeldsprosent per bruk i ulike område .....	17
Figur 3.12	Driftsoverskot frå tilleggsnæring i gjennomsnitt for alle bruk i ulike område .....	18
Figur 4.1	Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for heile landet, Jæren og Agder og Rogaland andre bygder .....	22

## Tabellar

Tabell 2.1	Samla oversikt for 2008 .....	7
Tabell 4.1	Jordbruksfrådrag gruppert etter region .....	20
Tabell 4.2	Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, Agder og Rogaland .....	20
Tabell 4.3	Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik, Agder og Rogaland .....	21
Tabell 5.1	Eigedelar hestehald, arealgrunnlag og arbeidsinnsats i hestehaldet, arbeidsinnsats er gjennomsnitt 2006/2007 .....	24
Tabell 5.2	Inntekter, kostnader og resultatrekning 2006/2007 .....	24
Tabell 5.3	Samanlikning med mjølkeproduksjon og sauehald; resultatrekning, kr .....	25
Tabell 5.4	Hest i næring. Resultat frå driftsgranskingane 2006 og 2007 .....	26

## Tabellsamling

Tabell 1	Fylkeстал, Rogaland .....	28
Tabell 2	Fylkeстал, Vest-Agder .....	31
Tabell 3	Fylkeстал, Aust-Agder .....	34
Tabell 4	Områdetal, Jæren alle bruk .....	37
Tabell 5	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer .....	40
Tabell 6	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer .....	43
Tabell 7	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer .....	46
Tabell 8	Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøtproduksjon .....	49
Tabell 9	Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinhald .....	52
Tabell 10	Områdetal, andre bygder, alle bruk .....	55
Tabell 11	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 3 (100–200 daa), alle driftsform .....	58
Tabell 12	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 4 (200–300 daa), alle driftsform .....	61
Tabell 13	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 5 (300–500 daa), alle driftsform .....	64
Tabell 14	Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekjøtproduksjon .....	67
Tabell 15	Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald .....	70
Tabell 16	Fylkeстал, Aust-Agder, potet og grønsakproduksjon .....	73
Tabell 17	Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgr. under 15 årskyr .....	76
Tabell 18	Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgr. 15–19,9 årskyr .....	79
Tabell 19	Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgr. f.o.m. 20 årskyr .....	82

# Samandrag

---

NILF utfører årlege «Driftsgranskingar i jord- og skogbruk». Formålet med desse er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve for gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit visst omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike grupper av bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Resultat vert publiserte i ein landsdekkande publikasjon og fleire regionale publikasjonar.

I dette notatet er lønsemda i jordbruket i 2008 for Agder-fylka og Rogaland presentert. Notatet inneheld også trendar og økonomisk utvikling siste tiåret og tabellsamling for dei siste fem åra. I tillegg vert verknadene av jordbruksfrådraget grundig gjennomgått. Elles er det med eit kapittel om resultat frå ei spesialgransking om økonomi i hestehald.

Det var 51 bruk frå Agder-fylka og 74 bruk frå Rogaland som var med i driftsgranskingane i 2008. Dei 125 bruka er fordelt på to regionar, *Jæren* med 44 bruk og *Agder og Rogaland andre* bygder med 81 bruk. Resultata for 2008 viste at bøndene frå Jæren hadde det høgaste inntektsnivået i 2008, som i 2007. Jæren og Agder og Rogaland andre bygder var dei to regionane i landet som hadde størst nettoinvestering i 2008.

Driftsoverskotet per bruk var i gjennomsnitt på kr 325 800 for Agder og Rogaland andre bygder i 2008. Dette er ein auke på omlag 13 prosent. Tilsvarende tal for Jæren var kr 545 700, som er ein auke på om lag 6 prosent.

Jordbruksinntekta, målt i vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, var på kr 285 900 for Jæren. Dette var ein auke på om lag 3 prosent frå 2007. Tilsvarende tal for Agder og Rogaland andre bygder låg på kr 209 800, som er ein auke på om lag 4 prosent frå 2007.

Driftsforma med kombinasjonen svin- og mjølkeproduksjon på Jæren oppnådde den klart beste jordbruksinntekta av dei presenterte driftsformene, og desse bruka fekk også den største prosentvise auken med 21 prosent frå 2007. Mjølkeproduksjonsbruka på Jæren auka jordbruksinntekta med 4 prosent per årsverk, medan mjølkebruka i Agder og Rogaland andre bygdene fekk ein nedgang i jordbruksinntekta på 4 prosent.

I 2008 var det dei to regionane frå Agder og Rogaland som hadde høgast nettoinvestering i landet. Jæren var igjen på topp med kr 177 400, følgt av Andre bygder med kr 172 000 i nettoinvesteringar. Det er i hovudsak investert i driftsbygningar og mjølkekvote. Jæren og Agder og Rogaland andre bygder hadde begge ein gjeldsprosent på 53 i 2008. For Jæren var det ein auke på 4 prosentpoeng frå 2007, medan det for Andre bygder var uendra.

I kapittelet om skatt er verknadene av jordbruksfrådraget grundig omtala. I gjennomsnitt for driftsgranskingsbruk i Agder og Rogaland andre bygder vart gjennomsnittleg skattereduksjon for 2008 kr 30 000. Tilsvarende for Jæren vart kr 32 100. Den største inntektsverknaden per årsverk av dei presenterte driftsformene, fekk bruk med sauehald. Rekna per bruk var det bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald som fekk størst inntektsverknad av jordbruksfrådraget.

Driftsanalysar på fire bruk i Rogaland som har hest som tilleggsnæring, viser ein lønsevne per time som varierer frå kr 58 til 246 per time. Det var stor variasjon i driftsopplegg og arbeidsinnsats på bruka. I samband med analysane på bruka i Rogaland vart det også gjennomført ei spesialgransking på driftsgranskingsbruk som har hest som tilleggsnæring. Også på desse bruka gav hestehaldet eit positivt bidrag til totaløkonomien.





# 1 Innleiing

---

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg, landsomfattande rekneskapsundersøking med røter tilbake til Noregs Vel i 1911. Vidare vart granskinga overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)<sup>1</sup> ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med rekneskapsundersøkinga er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve for gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit visst omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultata for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering.

Undersøkinga tek spesielt for seg verksemda i jord- og skogbruket, men andre næringsgreiner blir og tekne med. Næring som tek utgangspunkt i ressursane på garden, er kalla *tilleggsnæring*, og næringsverksemd som er uavhengig av garden sitt driftsapparat, er kalla *anna næring*.

Driftsgranskingane skal gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje bidrag til rådgjeving og undervisning og til offentleg politikk og forvaltning.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane på landsbasis, dei siste ti åra noko i underkant. For rekneskapsåret 2008 har tal deltakarar for første gong kome under 900. Ved utval av bruk er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå Statens landbruksforvaltnings tilskotsregister. Uttrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000–80 000 kroner. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 67 år. Kvart år vert om lag ti prosent av deltakarbruka skifta ut.

I dette notatet vert det presentert data for dei tre fylka Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland. Kapittel 2 viser driftsresultatet for 2008 og i kapittel 3 ser vi på utviklinga dei siste 10 åra. I kapittel 4 er verknadene av jordbruksfrådraget omtala, og i kapittel 5 er det teke inn eit emne som kan ha særleg interesse for dei to regionane dei tre fylka er delte inn i, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder». I år er det resultat frå ei spesialgransking om økonomi i hestehald som er teke inn.

Dei økonomiske data i 10-årstrendane i kapittel tre er deflaterte med konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktene i tabellsamlinga inneheld beløp i nominelle kroner frå kvart av åra. Kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5–10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

---

<sup>1</sup> NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slått saman med Sekretariatet for Budsjettnemnda for jordbruket.



## 2 Driftsresultatet for jordbruket i Agder og Rogaland 2008

---

### Hovudtendensar:

- Jærbøndene hadde høgast inntektsnivå i landet i 2008
- Rogaland og Agder hadde høgast nettoinvesteringar i 2008
- Prisaue på viktige produkt som mjølk og kjøt

Jærbøndene auka jordbruksinntektene med 3 prosent til kr 285 900 per årsverk frå 2007 til 2008, og vart med det den beste regionen i landet i 2008, som i 2007. Også i resten av Rogaland og Agder auka jordbruksinntektene i same periode, med 4 prosent til kr 209 800 per årsverk. Det var auke i prisar på viktige produkt, som mjølk og kjøt, men også auke i kostnadene, særleg til kraftfôr, handelsgjødsel og maskinleige.

Jordbruksinntekt er her definert som vederlag til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka. Driftsgranskingsane i jord- og skogbruk er basert på eit tilfeldig utval av 861 bruk frå heile landet. Bruka frå Rogaland og Agder vert delte inn i to regionar, «Jæren» og «Rogaland og Agder andre bygder». I alt var det med 44 bruk frå Jæren og 81 bruk frå resten av Rogaland og Agderfylka. Utvalet av bruk som deltek, skal vere representativt for regionen.

På Jæren var det også i 2008 bruka med **mjølkeproduksjon kombinert med svinehald** som oppnådde best resultat, med ein vekst i jordbruksinntekt på 21 prosent til kr 415 900 per årsverk. Desse bruka heldt fram produksjonsveksten i svinehaldet i 2008, men hadde nedgang i mjølkeproduksjonen. Omsett mjølkemengde gjekk ned med 6 prosent til 165 400 liter og årskutalet med 4,5 til 25,0 årskyr. Tal smågris auka med 34 prosent, til 1 300 og slaktegris med 5 prosent, til 51 100 kg. Arbeidsinnsatsen var om lag uendra frå 2007 til 2008, og var i gjennomsnitt 2,2 årsverk à 1 845 timar. I gjennomsnitt var jordbruksarealet 315 dekar for denne gruppa.

**Mjølkeproduksjon** er den mest vanlege driftsforma i begge regionane. For mjølkebruka på Jæren auka produksjonen og arealet noko, og dei hadde i 2008 34,1 årskyr, ein auke på 0,4 årskyr frå 2007. Omsett mjølk auka med 1 prosent, til 221 200 liter i 2008. Ytinga var ca. 7 310 kg per årsku. Arbeidsinnsatsen gjekk ned med 8 prosent, til 3 740 timar. Jordbruksinntekta for denne gruppa auka med 4 prosent, til kr 227 000 per årsverk.

Mjølkeprodusentane i dei andre bygdene i Rogaland og Agder fekk redusert jordbruksinntekta med 4 prosent frå 2007 til 2008, til kr 176 000 per årsverk. Årskutalet auka med 1,6 til 19,5, og omsett mjølk auka med 8 prosent, til 115 900 liter. Ytinga per årsku var 6 700 kg, det same som i 2007. Arbeidsinnsatsen var uendra frå 2007, i gjennomsnitt 1,7 årsverk. Også for denne gruppa auka produksjonsinntektene, men kostnadsvekst førde til at det vart nedgang i jordbruksinntekta.

Bruka med kombinert **mjølkeproduksjon og sauehald** i dei andre bygdene i Rogaland og Agder hadde 20,3 årskyr og produserte 7 100 kg mjølk per årsku i 2008. Det er ein auke på 4 årskyr frå 2007. I tillegg hadde produsentane 106 vinterfôra sauer og dei produserte 2 180 kg lammekjøt, ein nedgang på 17 prosent frå 2007. Prisen på lammekjøt auka med fem kroner per kg, og mjølkeprisen med 16 øre. På desse bruka auka omsett mjølk med 23 300 liter frå 2007, og jordbruksinntekta auka med 7 prosent, til kr 228 500 per årsverk. Det er få bruk i denne gruppa, og endringar på enkeltbruk kan derfor gje store utslag.

**Driftsoverskotet** per bruk var i middel for Jæren kr 545 700 og for Rogaland og Agder andre bygder kr 325 800. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta og rente på innsett kapital.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket utgjorde 62 prosent av **dei samla inntektene til familien** for bruka på Jæren, ein auke på to prosentpoeng frå 2007. Tilleggsnæringar utgjorde knappe 3 prosent og lønsinntekt 27 prosent. Resten av inntekta er anna næringsinntekt utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter. I resten av Rogaland og Agder utgjorde driftsoverskot frå jordbruket 42 prosent, ein nedgang på eitt prosentpoeng frå 2007, frå tilleggsnæringar 10 prosent, ein auke på 4 prosentpoeng, og frå skogbruket 2 prosent. Lønsinntekt utgjorde 32 prosent av familiens samla inntekter. Resten er anna næringsinntekt, pensjonar og kapitalinntekter.

**Nettoinvesteringane** på bruka på Jæren auka i høve til i 2007, og var i gjennomsnitt kr 177 400. Dei andre bygdene i Rogaland og Agder auka også investeringane i 2008, og hadde i gjennomsnitt nettoinvesteringar på kr 172 000 per bruk. Jæren og dei andre bygdene i Rogaland og Agder var dei to regionane i landet som hadde høgast nettoinvestering i 2008.

Samla **gjeld** har i snitt auka med 5 prosent per bruk, til kr 2 947 100 for bruka på Jæren. Rentekostnaden har auka med kr 55 100 til kr 160 200. For resten av Rogaland og Agder er den gjennomsnittlege gjelda auka med 12 prosent, til kr 2 124 300, og rentekostnadene med 42 prosent, til 107 300.

Maksimalt **jordbruksfrådrag** var kr 142 000 i 2008. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruka frå Jæren kr 310 100 per årsverk. For dei andre bruka i Rogaland og Agder vert skattekorrigert jordbruksinntekt kr 236 100 per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde 24 200 per årsverk på Jæren og 26 300 i dei andre bygdene i Rogaland og Agder. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla frå driftsgranskingane.

Alle dei presenterte resultata er middeltal frå større grupper av bruk. Mindre grupper er ikkje presenterte her, men er med i gjennomsnittstala. Det er stor spreiding i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 125 bruka i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket har vore.


Tabell 2.1 Samla oversikt for 2008

	Tal bruk	Innmarksareal	Driftsoverskot per bruk		Jordbruksinntekt per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk	
			2007	2008	2007	2008	2007	2008
Rogal./Agder, alle	125	292	372 900	403 200	232 900	244 700	257 700	270 600
Jæren, alle	44	324	515 700	545 700	276 300	285 900	298 700	310 200
100-199 daa	8	170	296 800	430 200	212 100	272 100	238 800	300 200
200-300 daa	16	269	813 000	687 900	372 000	340 600	391 400	363 500
300-500 daa	10	389	456 400	317 600	217 700	165 000	238 200	192 100
Mjølkk	18	326	452 100	477 700	218 400	227 000	241 800	255 400
Mjølkk/gris	6	315	785 700	973 500	344 800	415 900	369 600	442 900
Agder og Rogaland andre bygder	81	275	287 600	325 800	201 000	209 800	227 600	236 100
100-199 daa	27	159	224 900	187 700	186 700	143 200	216 400	167 900
200-300 daa	20	249	265 500	292 000	170 200	188 700	196 800	217 100
300-500 daa	18	379	351 200	367 600	210 800	244 500	237 000	275 500
Mjølkk	35	255	268 900	280 900	182 900	176 000	210 800	201 800
Mjølkk/sau	12	402	361 600	393 800	214 400	228 500	240 700	255 700

Alle beløp i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per. årsverk er definert som vederlag til alt arbeid og rente på egenkapitalen

Utvikling i jordbruksinntekt, kr per årsverk, 1999-2008



Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar i perioden 1999–2008



## 3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

---

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk for jordbruket for Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland frå 1999 til og med 2008. Materialet er hovudsakleg delt inn i to område; *Jæren* og *Andre bygder*. Andre bygder omfattar dei to Agder-fylka og Rogaland utanom Jæren, og vil i den vidare teksten berre bli omtala som *Andre bygder*. For området Jæren er det for 2008 tal frå 44 bruk som ligg til grunn for framstillinga, og i gruppa Andre bygder er det 81 bruk. Til samanlikning har vi tatt med tal som viser utviklinga for heile landet. I dette kapittelet er det nytta figurar for å syne utviklinga. Nokre av gruppene er små, og for desse gruppene kan utskifting av bruk og større investeringar på enkelte bruk gje store utslag på resultatet. Alle resultata i dette kapittelet er omrekna til 2008-kroner etter konsumprisindeksen.

### 3.1 Resultatmål i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein viktig del av inntektspolitikken i Noreg, men det påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskningane. Verknad av jordbruksfrådraget er vert omtala i kapittel 4.


#### 3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke vederlag til familien og eventuelt anna ubetalt arbeid og vederlag til både eigen og lånt kapital.


Figur 3.1 viser korleis driftsoverskotet i områda har utvikla seg over ti år samanlikna med heile landet. Jæren har hatt det høgaste driftsoverskotet gjennom heile perioden. Frå 2004 til 2007 auka driftsoverskotet på Jæren meir enn for landsgjennomsnittet, men frå 2007 til 2008 auka landsgjennomsnittet noko meir enn gjennomsnittet for Jæren, og skilnaden vart litt mindre. Auke i kostnadene utover det ordinære, spesielt på kraftfôr, handelsgjødsel og maskinleige, har gitt ein noko mindre auke i resultata sjølv om prisar på viktige produkt, som mjølk og kjøt, har auka. Framleis er Jærbruka større enn gjennomsnittsbuket i landet, og har høgare produksjonsomfang.

Særleg driftsforma mjølk kombinert med svinehald oppnådde gode resultat i 2008, som i 2007. Framgangen på driftsoverskotet for denne gruppa for 2008 var på 24 prosent mot heile 69 prosent for året før. Totalt for Jæren var auken på 6 prosent mot 35 prosent året før.

I regionen «Agder og Rogaland andre bygder», auka driftsoverskotet med 13 prosent frå 2007 til 2008. Dette var noko meir enn landsgjennomsnittet (8 %), og bruka oppnådde eit driftsoverskot noko høgare enn landsgjennomsnittet.



Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk i ulike område




Figur 3.2 Driftsoverskot per bruk i ulike fylke



### 3.1.2 Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk (jordbruksinntekt)

Vederlaget viser kor mykje som er igjen til å dekke alt arbeidet på bruket (også leigd hjelp) og til forrenting av egenkapitalen. Medan driftsoverskotet blir rekna per bruk, blir vederlag til alt arbeid og egenkapital rekna per årsverk. Eit årsverk i landbruket er sett til 1 845 timar for heile tiårsperioden.


I 2008 var eit gjennomsnittsbruk på Jæren 1,98 årsverk, for andre bygder var gjennomsnittsbuket 1,71 årsverk. Figur 3.3 viser den gjennomsnittlege jordbruksinntekta for bruka på Jæren og i Andre bygder.



Figur 3.3 Jordbruksinntekt per årsverk i gjennomsnitt for bruka på Jæren og i andre bygder samanlikna med gjennomsnitt for landet

Figur 3.4 viser jordbruksinntekta for ulike driftsformer på Jæren og i Andre bygder. Det er framleis bruka med svin- og mjølkeproduksjon som har det beste resultatet. Rekna i fast kroneverdi har desse bruka auka jordbruksinntekta med nesten kr 200 000 frå 2006. På desse bruka har mjølkeproduksjonen gått noko ned dei siste åra, medan det har vore stor produksjonsauke i svinehaldet. I tillegg har det vore prisauke på mjølk, kjøt og smågris. Auken i jordbruksinntekta skuldast auke i både mjølkeproduksjon og svinehald i tillegg til auka mjølke- og kjøtpris.

Mjølkeproduksjonsbruka på Jæren er større enn bruka med same driftsform i Andre bygder, og hadde i 2008 14,6 fleire årskyr og 71 dekar større areal enn bruka i Andre bygder. Vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk følgjer same trenden gjennom perioden for dei to regionane, men bruka på Jæren ligg mellom kr 24 000 (2005) og kr 66 000 (2002) over bruka frå Andre bygder gjennom perioden. I 2008 var skilnaden kr 51 000.




Figur 3.4 Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for ulike driftsformer

### 3.1.3 Lønsevne per time

Lønsevne er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd hjelp, og viser kor mykje som er igjen når innsett kapital har fått godtgjering. Figur 3.5 viser lønsevne per time for utvalde grupper.

Mjølke- og svineprodusentane på Jæren har hatt ein stor auke i lønsevne per time dei siste åra, og oppnådde kr 198 per time i 2008. Det er meir enn kr 100 meir per time enn gjennomsnittet for bruka i driftsgranskingane som var på kr 94 i 2008. For dei andre viste driftsformene, gjekk lønsevne per time noko ned frå 2008 til 2008, rekna i fast kroneverdi.




Figur 3.5 Lønsevne per time for ulike produksjonar på Jæren og i Andre bygder

## 3.2 Totaløkonomien for bruka i Agder og i Rogaland

### 3.2.1 Nettoinntekt


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løn, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.

Figur 3.6 viser gjennomsnittleg nettoinntekt for alle bruka i driftsgranskingane og for bruka i dei to regionane i Agder og Rogaland. Nettoinntekta for bruka i Andre bygder auka med 16 prosent frå 2007 til 2008. Landsgjennomsnittet auka med 6 prosent, og for første gang i perioden hadde bruka i Andre bygder høgare nettoinntekt enn landsgjennomsnittet, med kr 673 800. Bruka på Jæren fekk nettoinntekta si redusert med 4 prosent frå 2007 til 2008, men ligg likevel høgare enn bruka i resten av Agder og Rogaland, med kr 707 500. Nedgangen skuldast nedgang i lønsinntekt og auka gjeldsrenter.




Figur 3.6 Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk i heile landet, på Jæren og i Andre bygder

Figur 3.7 viser prosentvis fordeling av alle inntektene til brukarfamilien på Jæren. I 1999 henta bøndene på Jæren 57 prosent av inntekta frå jordbruket, i 2008 auka jordbrukets del av inntektene til 62 prosent. Lønsinntektene har lege relativt stabilt kring 30 prosent gjennom perioden, men gjekk ned med tre prosentpoeng frå 2007 til 2008.



Figur 3.7 Prosentvis fordeling av samla inntekt for bruka på Jæren

For bruka i Andre bygder utgjør jordbruksinntekta ein mindre del av dei samla inntektene enn for bruka på Jæren. I 1999 utgjorde jordbruksinntekta 37 prosent av inntektene, i 2008 hadde delen frå jordbruket auka med fem prosentpoeng til 42 prosent. Delen frå lønsinntekt gjekk ned med sju prosentpoeng i perioden, og utgjorde 33 prosent i 2008. Frå 2007 til 2008 auka delen frå tilleggsnæringar med heile seks prosentpoeng, og utgjorde 11 prosent i 2008.




Figur 3.8 Prosentvis fordeling av samla inntekt for bruka i Andre bygder

### 3.2.2 Nettoinvestering

Nettoinvestering er verdien av tilkjøp av eigedelar minus avskrivningar, tilskot og fråsal. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidla i løpet av året.


Dei høge investeringane i 2004, 2005 og 2006 (figur 3.9) kan vi sjå i samanheng med auka konsesjonsgrenser i 2003 for svine- og fjørfeproduksjon. Etter fleire år med høg investering på Jæren, vart snittet for nettoinvesteringar for 2007 noko lågare enn tilsvarende for Andre bygder. I 2008 var det dei to regionane frå Agder og Rogaland som hadde høgast nettoinvestering i landet. Jæren var igjen på topp med kr 177 400, følgt av Andre bygder med kr 172 000 i nettoinvesteringar. Den driftsforma som hadde størst nettoinvestering i 2008, var mjølk og sau i Andre bygder (12 bruk). Der vart gjennomsnittleg nettoinvestering på kr 426 400. Det er i hovudsak investert i driftsbygningar og mjølkekvote. Gruppa med lågast investering av dei presenterte driftsformene, var mjølk og svin på Jæren (6 bruk) med eit gjennomsnitt på kr 31 200.



Figur 3.9 Nettoinvesteringar per bruk i ulike område

### 3.2.3 Gjeld og gjeldsprosent


Figur 3.10 viser ein jamn auke i gjeld for heile landet i løpet av dei siste ti åra. Gjelda på Jæren vart i gjennomsnitt på kr 2 947 100 i 2008 og i Andre bygder vart tilsvarende tal kr 2 124 300. Gjennomsnittet for heile landet vart kr 1 692 200. Det er ofte ein klar samheng mellom nettoinvestering og auke i gjeld.



Figur 3.10 Gjeld i middel per bruk i ulike område

Gjeldsprosenten er gjelda i prosent av totalkapitalen, og han viser kor stor del av eigedlane som er finansiert med lånt kapital. Alle bruka i driftsgranskingane hadde ein gjen-

nomsnittleg gjeldsprosent på 45 prosent i 2008 (figur 3.11), Jæren og Agder og Rogaland andre bygder hadde begge ein gjeldsprosent på 53 i 2008. For Jæren var det ein auke på 4 prosentpoeng frå 2007, medan det for Andre bygder var uendra




Figur 3.11 Gjeldsprosent per bruk i ulike område

### 3.2.4 Tilleggsnæringar

Tilleggsnæring vert i driftsgranskingane definert som næring utanom tradisjonelt jordbruk, der garden sine ressursar vert nytta, til dømes til maskinkjøring, utleigehus, utmarksnæring, turisme, vidareforedling av varer og liknande. I gjennomsnitt for alle bruk i utvalet utgjør bidraget frå tilleggsnæringa lite, men det kan bety mykje på enkeltbruk. Figur 3.12 viser driftsoverskot frå tilleggsnæring i gjennomsnitt for deltakarbruka i driftsgranskingane. Inntekta frå tilleggsnæring for bruka frå Andre bygder har dei siste åra vore høgare enn landsgjennomsnittet, og frå 2007 til 2008 vart bidraget frå tilleggsnæring dobla. For bruka på Jæren er bidraget frå tilleggsnæring lite, men det har vore stigande dei siste åra.

Heile 54 prosent av deltakarane i driftsgranskingane for 2008 var registrert med ei eller anna form for tilleggsnæring med omsetnad over kr 20 000. Det vil seie 468 bruk. I Agder og Rogaland var det registrert tilleggsnæring med omsetnad over kr 20 000 på 55 prosent av bruka. Tilleggsnæring er meir utbreidd i Agder og Rogaland andre bygder enn på Jæren

Det er bruk som driv med ulike kombinasjonar tilleggsnæringar som har oppnådd høgast gjennomsnittleg driftsoverskot, medan det er maskinkjøring og utleigehus som er dei vanlegaste tilleggsnæringane.



Figur 3.12 Driftsoverskot frå tilleggsnæring i gjennomsnitt for alle bruk i ulike område



### 4.1 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget er eit inntektspolitisk verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget er gradvis auka sidan starten i 2000. I 2007 vart frådraget auka frå kr 71 500 til kr 142 000. Frådraget er uendra frå 2007 til 2008. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektspolitikken i landbruket. Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemd eller driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk, når ein reknar 33 prosent marginalsatt, varierer frå bruk til bruk og frå produksjon til produksjon. Vi kjem fram til inntektsverknad per bruk ved å trekke ut 28 prosent av jordbruksfrådraget og dividere dette på 0,67. Inntektsverknad per bruk vert så dividert på tal årsverk for å komme fram til inntektsverknad per årsverk.

Jordbruksfrådraget vart innført i 2000. Maksimalt jordbruksfrådrag er auka fleire gonger. Frå 2006 til 2007 vart frådraget nær dobla. For 2008 var følgjande gjeldande: Ved næringsinntekt opp til kr 54 200 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved inntekt frå kr 54 200 og opp til kr 328 575 vart frådraget kr 54 200 pluss 32 prosent av all inntekt mellom kr 54 200 og kr 328 575. Maksimalt frådrag ein kan få, er kr 142 000, då må næringsinntekt vere høgare enn kr 328 575. Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Skattelette vert 28 prosent av jordbruksfrådraget.

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle bruka i driftsgranskingane i 2008 for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltakarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 108 600. For Jæren vart frådraget noko høgare, kr 114 700, og i Agder og Rogaland andre bygder litt lågare enn landsgjennomsnittet, kr 106 700. Ein del av deltakarane har ikkje oppnådd maksimalt jordbruksfrådrag på grunn av for låg næringsinntekt (tabell 4.1).

Tabell 4.1 Jordbruksfrådrag gruppert etter region

Regionar	Tal bruk	Tal bruk med maks frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per årsverk
Austlandet, flatbygder	184	85	14	103 100	28 900	34 000
Austlandet, andre bygder	150	47	6	100 400	28 100	28 200
Jæren	44	29	1	114 700	32 100	24 300
Agder/Rogaland, andre bygder	81	30	4	106 700	29 900	26 000
Vestlandet	164	60	4	108 000	30 300	26 500
Trøndelag flatbygder	65	29	1	114 000	31 900	34 200
Trøndelag, andre bygder	64	32		121 100	33 900	28 100
Nord-Noreg	109	54	2	118 400	33 200	29 700
Alle	861	366	32	108 600	30 400	29 000

I tabell 4.2 har vi samanlikna dei mest utbreidde driftsformene i dei to regionane. Delen av bruk som klarte å oppnå maksimalt jordbruksfrådrag, auka frå 35 prosent i 2007 til 47 prosent i 2008. Ei årsak kan vere at kravet til næringsinntekt for å oppnå maksimalt frådrag, vart redusert til kr 328 575. Det var fem bruk som hadde så låg inntekt at dei ikkje fekk jordbruksfrådrag i 2008. I 2007 var det berre eitt bruk som ikkje oppnådde jordbruksfrådrag.

Tabell 4.2 Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, Agder og Rogaland

Driftsformer	Tal bruk	Tal bruk med maks frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per bruk	Inntekts-verknad per årsverk
Mjølke, andre bygder	35	12	1	103 500	29 000	43 300	25 800
Mjølke, Jæren	18	16	0	137 600	38 500	57 500	28 400
Sauehald	12	1	1	79 000	22 100	33 000	31 000
Mjølke/sau	18	9	1	116 600	32 700	48 700	25 400
Mjølke/svin	9	9	0	142 000	39 800	59 300	27 300
Jæren, alle	44	29	1	114 700	32 100	47 900	24 300
Agder og Rogaland, andre bygder, alle	82	30	4	107 000	30 000	44 700	26 100
Alle Ag/Ro	126	59	5	109 700	30 700	45 900	25 400

I gjennomsnitt for driftsgranskingsbruka i Agder og Rogaland var skattereduksjonen for 2008 kr 30 700. Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald oppnådde størst inntektsverknad per bruk, medan det er sauebruka fekk størst inntektsverknad per årsverk. Rekna per årsverk er det relativt liten skilnad mellom driftsformene.

I tabell 4.3 har vi sett på korleis bruksstorleik påverkar utnytting av jordbruksfrådraget. Dei største bruka, frå 200 dekar og større, oppnår høgast jordbruksfrådrag og

størst inntektsverknad per bruk. Ser ein på inntektsverknad per årsverk var det dei største bruka, frå 500 dekar og større, som fekk lågast inntektsverknad per årsverk. Dette er store bruk med 2,3 årsverk i gjennomsnitt. Jordbruksfrådraget er per bruk. På større bruk med høgt arbeidsforbruk, vil derfor inntektsverknad per årsverk bli redusert i høve til inntektsverknad per bruk.

**Tabell 4.3** Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik, Agder og Rogaland

Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntektsverknad per bruk	Inntektsverknad per årsverk
< 50 daa	4	2	1	77 300	21 600	32 300	22 000
50-99 daa	5	1	0	88 500	24 800	37 000	24 900
100-199 daa	35	12	2	93 700	26 200	39 200	25 500
200-299 daa	36	20	0	117 500	32 900	49 100	25 400
300-499 daa	29	14	1	124 400	34 800	52 000	29 600
> 500 daa	17	10	1	115 000	32 200	48 000	20 500
Alle Ag/Ro	126	59	5	109 700	30 700	45 900	25 400
Landet	861	366	32	108 600	30 400	45 400	29 000


Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget. Ei viss grad av tilpassing gjer at jordbruksfrådraget også kan påverke næringsinntekta. Nokre bønder vel lågare avskrivningar for å få maksimal nytte av jordbruksfrådraget. Det gjeld særleg bruk med næringsinntekt opp mot grensa på kr 54 200 eller grensa for maksimalt frådrag på kr 328 575.

## 4.2 Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta)

Inntektsverknad av jordbruksfrådraget er eit inntektspolitisk verkemiddel for å auke innteninga i landbruket. Dette er også er verkemiddel som ikkje er omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget er gradvis auka sidan starten i 2000 og fram til 2006. I 2007 vart frådraget auka frå kr 71 500 til kr 142 000, og er med dette blitt ein viktig del av inntektsdanninga i jordbruket.

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget for Jæren kr 23 700 i 2007 til kr 24 300 per årsverk i 2008. For Agder og Rogaland andre bygder gjekk inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk ned med kr 500 til kr 26 100 frå 2007 til 2008.

Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk har auka gradvis i perioden sidan jordbruksfrådraget vart innført sett i forhold til jordbruksinntekta før skattejustering.



Figur 4.1 Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for heile landet, Jæren og Agder og Rogaland andre bygder

## 5 Tema: Hest som tilleggsnæring

---

Tal hestar i Noreg gjekk ned i takt med mekaniseringa i landbruket og var på sitt lågaste på 1960-talet. Dei siste 30 åra er talet på hestar dobla, og ligg i dag kring 50 000. Årleg vert om lag 5 000 hopper bedekte her i landet. Kvart år vert det importert i overkant av 1 000 hestar, medan det berre vert eksportert vel 100 hestar. Interessa for ridesporten har vore sterkt aukande siste tiåret, og Norges Rytterforbund har om lag 36 000 medlemmer. Av alle hestar i Noreg er 45 prosent registrerte i Det norske travselskap. Resten vert nytta til andre føremål, mellom anna som fritidshest.

Til samanlikning er det nesten 300 000 hestar i Sverige, og hestehaldet er den femte største inntektskjelda i landbruket i Sverige. Kvart sjette svenske bruk har ein eller fleire hestar på garden, og i dei fleste tilfella er oppstalling av hest og avl ei kompletterande inntektskjelde på bruket. Dette viser at det bør være eit vekstpotensial for hest i Noreg.

Forsking på hest har hatt eit oppsving siste året, og fleire sider av næringa er nå under utgreiing, men det er lite dokumentasjon over økonomien i dei ulike næringane, særleg innan føretak knytt til fritids- og sportshest manglar det dokumentasjon.

Hausten 2008 gjennomførte NILF på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland driftsanalysar for fire bruk som hadde hest som tilleggsnæring. Samtidig vart det gjennomført ei spesialgransking blant bruk med hestehald som er deltakarar i driftsgranskingsane i jord- og skogbruk. I dette kapitlet vert nokre av resultatane frå desse analysane presenterte. Meir om resultatane og analysane kan ein lese i notatet «Hest som tilleggsnæring» (Haukås, Knutsen og Lyng 2009).

### 5.1 Analyserte bruk i Rogaland

Dei fire bruka i Rogaland hadde ulike driftsopplegg, felles for dei var at verksemda var retta mot fritidshest, med ulike kombinasjonar av privat oppstalling, rideskoledrift og oppal.

#### Eigedelar, arealgrunnlag og arbeidsinnsats i hestehaldet

Tabell 5.1 viser sum eigedelar, arealgrunnlag på bruket og arbeidsinnsatsen i hestehaldet. Vi ser at det er stor variasjon på bruka med omsyn til storleik og omfang. Av eigedelane er det stall, ridebane, ridehall og hestar som er dei viktigaste postane. Arealet varierer frå 65 til 353 dekar, og arbeidsinnsatsen varierer frå 0,1 årsverk til 2,68 årsverk

Tabell 5.1 Egedelar hestehald, arealgrunnlag og arbeidsinnsats i hestehaldet, arbeidsinnsats er gjennomsnitt 2006/2007

Aktivitet	A	B	C	D
	Ridehest/ -skole	Rideskole/ turriding	Oppstalling	Rideskole
Egedelar hestehald, 31.12.07. 1 000 kr	2 030	1 009	795	1 944
Areal nytta til hestehald, dekar	353	65	104	115
Arbeidstimar, sum timar	4 937	3 941	170	2 128
Tal årsverk	2,68	2,14	0,09	1,15

### Inntekter, kostnader og resultatrekning

Inntektssida viser som venta også stor variasjon. Det er variasjon frå kr 260 000 til 1,3 mill. kr. De store postane er leigeinntekter og kursinntekter frå rideskole. Offentlege tilskot er inne i svært liten grad i hestenæringa, men alle bruka i denne granskinga har motteke areal- og kulturlandskapstilskot. Også kostnadene vert påverka av aktivitet og storleik. Det er dei faste kostnadene som dominerer, og utgjer 62 prosent av kostnadene.

Resultatet viser ei gjennomsnittleg lønsevne per time på kr 118 og eit vederlag per årsverk på kr 260 000. Det er stor spreiding, og vederlaget per årsverk varierer frå kr 130 000 til over kr 500 000 pr årsverk. Det var ikkje samanheng mellom driftsoverskot og vederlag per årsverk. Bruket med lågast overskot i kroner i drifta og dermed minst bidrag til totaløkonomien, hadde høgast vederlag pr årsverk. Det var lite arbeidsintensiv drift på bruket, og arbeidsinnsatsen var berre på 0,1 årsverk.

Tabell 5.2 Inntekter, kostnader og resultatrekning 2006/2007

	A	B	C	D
	Ridehest/ -skole	Rideskole/ turriding	Oppstalling	Rideskole
Produksjonsinntekter utanom tilskot, 1 000 kr	1 213	942	237	598
Tilskot, 1 000 kr	137	67	21	28
Sum produksjonsinntekter, 1 000 kr	1 350	1 009	258	626
Variable kostnader, 1 000 kr	294	217	22	187
Faste kostnader utanom avskrivningar, 1 000 kr	444	243	62	113
Avskrivningar, 1 000 kr	122	59	79	76
Sum kostnader, 1 000 kr	860	519	163	376
<b>Driftsoverskot i hestenæringa, 1 000 kr</b>	<b>490</b>	<b>490</b>	<b>95</b>	<b>250</b>
Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, 1 000 kr	258	309	504	133
Lønsevne per årsverk, hestehald, 1 000 kr	208	282	453	106
<i>Lønsevne per time, hestehald, kr</i>	<i>113</i>	<i>153</i>	<i>246</i>	<i>58</i>
Dekningsbidrag utan tilskot, 1 000 kr	919	725	215	411
Dekningsbidrag inkl. tilskot, 1 000 kr	1 056	792	236	439

Det er sjølvsagt vanskeleg å trekke generelle konklusjonar om lønsemd ut frå fire rekneskappar, men ut frå resultata kan det sjå ut som om utleige utan arbeidsinnsats men inkl. vedlikehald, gjev brukbar lønsemd, og kan passe som tilleggsnæring (på linje med utleige av bustadhus som er vanleg i driftsgranskingane). Rideskoledrift er driftsforma som ser ut til å kunne gje levegrunnlag for brukaren. Utleige av boksar kan løne seg, men brukar bør vere engasjert og ha det som tillegg til eiga drift/eigne hestar.

### Samanlikning med andre produksjonar<sup>2</sup>

Gjennomsnittstal for dei fire bruka i Rogaland vart samanlikna med tal for mjølkeproduksjon og sauehald frå driftsgranskingane (NILF 2007). På inntektssida er det særleg skilnad på kor stor del av inntektene som kjem frå marknaden. I gjennomsnitt for hestebrauka kjem 92 prosent av inntektene frå marknaden, medan mjølkebruka får 63 prosent av inntektene frå marknaden og sauebruka berre får 43 prosent frå marknaden. På kostnadssida ligg hestebrauka mellom sauebruka og mjølkeproduksjonsbruka.

Samanlikning av resultata viser at hestebrauka har best økonomisk resultat både med tanke på driftsoverskot, som er det økonomiske bidraget totalt, og for vederlag per årsverk. Talmaterialet for hestebbruk er lite. Ein må derfor vere varsam med å trekkje generelle konklusjonar.

Tabell 5.3 Samanlikning med mjølkeproduksjon og sauehald; resultatrekning, kr

År Bruksnr	Hest 06/07 Snitt alle	Mjolk 06 Landstal	Sau 06 Landstal
Dekningsbidrag, inklusiv tilskot , 1 000 kr	631	639	312
Dekningsbidrag utan tilskot, 1 000 kr	568	305	77
Driftsoverskot, 1 000 kr	332	251	106
Vederlag til alt arbeid og eigenkap. per årsverk, 1 000 kr	260	163	115
Lønsevne per årsverk, 1 000 kr	222	145	100
Lønsevne per time, kr	119	77	53

## 5.2 Hest som tilleggsnæring i driftsgranskingane

Vel halvparten av deltakarane i driftsgranskingane har ei eller anna form for tilleggsnæring. Det vil seie næringsaktivitet utanom tradisjonelt jordbruk av eit visst omfang basert på landbruksressursane. Diverse aktivitetar med hest i næringssamanheng, blir i driftsgranskingane rekna som tilleggsnæring. Vi har analysert næringsaktivitet knytt til hest på bruk driftsgranskingane for 2006 og 2007. Det var fem bruk med hest i 2006 og seks i 2007. Gjennomsnittstal for kvart år er vist i tabell 3.8 som også viser spreing i 2007.

Bruka som driv med hest i driftsgranskingane, er nokså ulike både med tanke på type aktivitet og omfang. Det er rideskole, ridehall, boksutleige, kjøring og oppal av hest, sal av utstyr med meir. Dessutan har nokre en kombinasjon av fleire aktivitetar.

Bruttoomsetning varierer frå kr 23 000 til kr 916 000. Arbeidsinnsatsen varierer mellom 0,3 og 1,4 årsverk. Lønsemda i hestenæringa varierer også mykje frå bruk til bruk. I denne analysen varierer vederlag per årsverk frå kr 1 800 til kr 330 200. På eit

<sup>2</sup> Tal for mjølkeproduksjon og sau er henta frå driftsgranskingane (sjå <http://www.nilf.no/Publikasjoner/Driftsgranskinger/Nn/2007/Publikasjon2006.pdf>) og viser gjennomsnitt for tilfeldig utvalde bruk som skal vere representative for driftsforma. Bruka med hestehald er spesielt plukka ut for å vere med i spesialgranskinga, og er derfor ikkje eit representativt utval.

såpass lite talmateriale er det derfor vanskeleg å seie noko generelt om lønsemda i dei ulike aktivitetane. Likevel viser resultatane at det mogleg å oppnå akseptabel lønsemd på næringsaktivitet med basis i hest.

**Tabell 5.4 Hest i næring. Resultat frå driftsgranskingane 2006 og 2007**

	2006	2007	Spreiing 2007
Tal bruk	5	6	
<b>Sum inntekter</b>	<b>295 348</b>	<b>359 071</b>	<b>(23 000 – 916 000)</b>
<b>Sum kostnader før avskr.</b>	<b>109 452</b>	<b>221 282</b>	<b>(10 600 – 325 000)</b>
Avskrivingar	23 268	27 133	
<b>Sum kostnader</b>	<b>132 720</b>	<b>248 415</b>	<b>(10 600 – 427 000)</b>
<b>Driftsoverskot</b>	<b>162 628</b>	<b>110 656</b>	<b>(12 300 – 490 000)</b>
Lønsevne	137 334	101 802	
Lønsevne/time	105,40	64,06	(-4 – 143)
<b>Ved. per årsverk</b>	<b>218 399</b>	<b>164 644</b>	<b>(1 800 – 330 200)</b>
